

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/13283-4

### Val av styre for Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane - OKOS - for perioden 2016 - 2019

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet vel slikt styre:

Medlemmer etter framlegg frå KS Sogn og Fjordane:

Medlem 1:  
Varamedlem:

Medlem 2:  
Varamedlem:

Medlem etter framlegg frå Fagforbundet Sogn og Fjordane:

Medlem 3:  
Varamedlem:

Politisk medlem frå fylkeskommunen:

Medlem 4:  
Varamedlem:

Medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen:

Medlem 5:  
Varamedlem:

Som leiar vert vald:

Som nestleiar vert vald:

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Vedtektene for OKOS Sogn og Fjordane

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane – OKOS – er ein del av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkestinget fastsette vedtektene for OKOS i sak 6/98 og reviderte dei i sak 22/05.

Samansetnad og val av styre er regulert i vedtektene § 7:

«Opplæringskontoret skal leiast av eit styre på fem medlemmer med personlege varamedlemmer som vert valde av fylkesutvalet slik:

- 2 medlemmer etter forslag frå KS Sogn og Fjordane
- 1 medlem etter forslag frå den arbeidstakarorganisasjonen som har flest medlemmer i medlemsbedriftene
- 1 politisk medlem frå fylkeskommunen
- 1 medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen.

Fylkesutvalet vel leiar og nestleiar.

Styret si funksjonstid følgjer den fylkeskommunale valperioden.»

Vedtektene er tilgjengelege på [www.okosweb.net](http://www.okosweb.net) > «Om oss».

Det noverande styret vart vald av fylkesutvalet i sak 12/12 og er samansett slik:

Medlem etter framlegg frå KS Sogn og Fjordane: Kjell Idar Dvergsdal  
Varamedlem: Kurt Even Andersen

Medlem etter framlegg frå KS Sogn og Fjordane: Elin Garnes Solås (nestleiar)  
Varamedlem: Målfrid Sognnes

Medlem etter framlegg frå Fagforbundet Sogn og Fjordane: Rolf Einar Johannessen  
Varamedlem: Kari Daltveit

Politisk medlem frå fylkeskommunen: Norvall Nøringset (leiar)  
Varamedlem: Frida Melvær

Medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen: Inger Karin Slinde  
Varamedlem: Arvid Stenehjem

## **2. Framlegg på nye styremedlemmer**

Det ligg føre slike framlegg på styremedlemmer for valperioden 2016 – 2019:

Fagforbundet Sogn og Fjordane, som også no er den arbeidstakarorganisasjonen som har flest medlemmer i medlemsbedriftene:

Medlem: Anne Kristin Førde  
Varamedlem: Eli Grov Østerbø

KS Sogn og Fjordane:

Medlem: Rita Arlen Lilletvedt (Gloppen kommune)  
Varamedlem: Elin Garnes Solås (Hyllestad kommune)

Medlem: Kirstin Bruland (Jølster kommune)  
Varamedlem: Kjell Idar Dvergsdal (Gaular kommune)

Fylkesrådmannen gjer slikt framlegg på medlem frå administrasjonen:

Medlem: Arvid Stenehjem  
Varamedlem: Inger Karin Slinde

Det føreligg etter dette framlegg på tre kvinnelege medlemmer og éin mannleg medlem. Kvart kjønn skal vere representert med minst to medlemmer, jf. kommunelova § 36 nr. 2. Den politiske medlemmen må såleis vere ein mann.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)